



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: KST sal Hareid rådhus
Dato: 17.11.2014
Møtet tok til 12:00
Møtet slutta 16:40

Formannskapet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumentene har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 11.11.2014

FASTE MEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Dag Audun Eliassen	Varaordfører	FL
Kjersti Røyset Topphol	Medlem	KRF
Hallgeir Teigene	Medlem	FL
Perny Ann Nilsen	Medlem	FRP
Anders Riise	Ordfører	H
Einar K. Warholm	Medlem	V

FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:

Namn	Stilling
Anne-Karete Mork	Utvalsekretær
Bent Arild Grytten	Rådmann
Oddbjørn Grimstad	Kommunalsjef
Elly Kirkeslett	Kommunalsjef
Nils Yngve Nupen	Kommunalsjef
Trude Kristin Dalen	Leiar løn og personal
Signe R. Kanstad	Leiar PUA
Arne Gunnar Aschehoug	Seniorrådgjevar
Olav Helt Brubakk	Ingeniør PUA

Ordfører Anders Riise leia møtet

7 voterande

Formannskapet handsama PS 144/14



Formannskapet handsama PS 145/14
Formannskapet handsama PS 146/14
Formannskapet handsama PS 147/14
Formannskapet handsama PS 148/14

Sak lagt på bordet i møtet:

Handsama i lukka møte: Off.lova § 13 jf. forv.lova § 13 - Lovbestemt teieplikt

- *Søknad om permisjon utan løn – alternativt oppseiing av stilling.*

Handsama i ope møte:

- *Utlysing av stilling som kommunalsjef for velferd.*

Sak som kom til i møtet:

Lukka møte: Off.lova § 13 jf. forv.lova § 13 - Lovbestemt teieplikt

Dag Audun Eliassen stiller spørsmål til rådmannen vedkomande personalsak.

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 144/14	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 145/14	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 146/14	Handlingsprogram 2015 - 2018	2014/662
PS 147/14	Søknad om permisjon / oppseiing av stilling	2009/1322
PS 148/14	Utlysing av stilling som kommunalsjef velferd	

Hareid, 11.11.2014

Anders Riise
ordførar

Anne-Karete Mork
utvalsekretær



POLITISKE SAKER

PS 144/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Formannskapet si handsaming:

Det var ingen merknad til innkalling.

Merknadar til sakliste:

Dag Audun Eliassen FL, etterlyser protokoll på personalsak som var handsama i lukka møte 10.11.2014 i saklista.

Dette var ei drøftingssak med spørsmål frå rådmannen til formannskapet, og det var ikkje gjort noko vedtak i denne saka. Difor er det ikkje laga eigen protokoll for denne saka.

Lukka møte:

Dag Audun Eliassen FL, har spørsmål han vil stille sist i møtet vedkomande personalsak. Rådmannen svarar. Formannskapet drøftar ulike sider ved saka.

Kjersti Røyset Topphol KRF, kjem til i møtet kl. 12:15

Sak vedkomande søknad om permisjon utan løn – alternativt oppseiing av stilling.

Ope møte:

Sak vedkomande utlysing av stilling som ny kommunalsjef for velferd.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling godkjent utan merknad.

Sakliste godkjent med merknad.

PS 145/14 Godkjenning av protokoll førre møte

Formannskapet si handsaming:

Det var ingen merknad til protokollen frå møte 10.11.2014.

Val av 2 medlemar til å signere protokollen frå førre møte:

Stian Runne Brandal og Dag Audun Eliassen.



Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Protokollen frå møte 10.11.2014 vart godkjent utan merknad.

Stian Runne Brandal og Dag Audun Eliassen vart valt til å signere protokollen frå førre møte.

PS 146/14 Handlingsprogram 2015 - 2018

Formannskapet si handsaming:

Rådmannen orienterte og svarte på spørsmål frå formannskapet.

Det var 15 min pause i møtet.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Formannskapet mottek Handlingsprogram 2015 – 2018 med vedlegg for orientering.

PS 147/14 Søknad om permisjon / oppseiing av stilling

Formannskapet si handsaming:

Saka vart lagt på bordet og handsama i lukka møte.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Hareid formannskap syner til søknad frå Elly Kirkeslett om permisjon frå stillinga som kommunalsjef for velferd.

Utifrå ei samla vurdering vil ein ikkje imøtekome søknaden.

Oppseiinga blir då teljande frå 12.11.14. Avvikling av restferie vert å avtale med rådmann.



PS 148/14 Utlysing av stilling som kommunalsjef velferd

Formannskapet si handsaming:

Saka vart teken opp og handsama i møtet.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Hareid formannskap vedtek å lyse ut den ledige stillinga som kommunalsjef for velferd med søknadsrist 20.12.14

Formannskapet vedtek at ei nyttar ekstern konsulent for vurdering og intervju av søknadane, i lag med det fast forhandlingsutvalet.

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Anders Riise
Ordfører